



Orkla Foods Norge AS avd. Toro Arna  
Postboks 113 Indre Arna  
5888 Bergen

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Grete Hamre, 5764 3141

## Rapport etter tilsyn ved Orkla Foods Norge AS avd. Toro Arna

Kontrollnummer: 2024.058.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

#### Frå verksemda:

Roy Eide                      *Fabriksjef*  
Marie Simonsen            *Teknisk Sjef*  
Kenneth N Hansen        *Avdelingsleiar*  
Odd-Gunnar Halsvik      *Logistikk/avfallshandtering*  
Lene Steinset              *Prosjektansvarleg*  
Jan Erik Andersen        *Driftsansvarleg reinseanlegg*

#### Frå statsforvaltaren i Vestland:

Sissel Storebø  
Grete Hamre

### Resultat frå tilsynet

Denne rapporten gjeld resultatet frå tilsynet ved Orkla Foods Norge AS avd. Toro Arna 02.02.2024. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at han er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland fann 2 avvik og gav 1 merknad under inspeksjonen.

#### Avvik:

1. Verksemda har manglar knytt til internkontrollen for ytre miljø og tanklagring av kjemikal
2. Verksemda har manglar knytt til beredskap/beredskapsplan og varsling

#### Merknader:

1. Verksemda har manglar knytt til avhending av våtorganisk avfall

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt frå side 3.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Grete Hamre  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Bergen kommune, Kystverket og Vest Politidistrikt

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Orkla Foods Norge AS avd. Toro Arna	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 973163094	<b>Eigd av:</b> 916170858

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Toro - Arna	<b>Anleggsnr.:</b> 4601.0102.01
<b>Kommune:</b> Bergen	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Løyve gitt:</b> 24.02.2004	<b>Sist endra:</b> 03.11.2009

## 2. Bakgrunn for tilsynet

8. januar 2024 hadde Orkla Foods Norge AS avd. Toro Arna eit akutt utslepp av saltsyre til grunnen. Utsleppet vart berekna til å omfatte om lag 7 000 liter saltsyre. I brev datert 10. januar 2024 gav Kystverket verksemda pålegg om opplysningar om utsleppet og å gjennomføre tiltak mot akutt forureining.

Tilsynet vart gjennomført for å følgje opp korleis tiltaka som verksemda har sett i verk etter det akutte utsleppet er gjennomførte etter regelverket som Statsforvaltaren er styresmakt for.

Tilsynet er i tillegg ein del av Statsforvaltaren sitt planlagde tilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48

### Tilsystem

- Tanklagring av farlege kjemikal og farleg avfall
- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart funne under tilsynet. Han gir inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under tilsynet og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under tilsynet, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### 3. Oppfølging etter tilsynet

Toro Arna pliktar å rette opp avvik som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **10. april 2024** sender ei skriftleg utgreiing som viser kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved neste tilsyn.

Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknaden er vurdert, eventuelt korleis han vil bli følgd opp.

Vi ber om at de merkar svarbrevet eller e-posten til [sfvlpost@statsforvaltaren.no](mailto:sfvlpost@statsforvaltaren.no) med saksnummeret som står øvst på første side

### 4. Vedtak om gebyr

Verksemder skal betale gebyr for tilsyn utførte av Statsforvaltaren. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet.

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda i e-post datert 24. januar 2024.

Ut frå forventa ressursbruk må Toro Arna betale eit gebyr på kr 31 200,- for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta § 39-3. Dette beløpet svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer ein dag. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa.

#### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og på nettstaden [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

### 6. Avvik

Vi fann følgjande avvik frå forureiningsregelverket under tilsynet:

#### **Avvik 1. Verksemda har manglar knytt til internkontrollen for ytre miljø og tanklagring av kjemikal**

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6 og 7 og Forureiningsforskrifta kapittel 18 *Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall* (tanklagringsforskrifta)

## **Kommentarar til regelverket**

Internkontrollforskrifta har krav om å gjennomføre systematiske tiltak for å nå måla i helse-, miljø- og tryggleikslvgivinga.

### Punkt 6: Miljørisikovurdering

Verksemnda skal kartlegge farar og problem som kan ha noko å seie for ytre miljø. På bakgrunn av fareanalysen skal de vurdere miljørisiko og utarbeide planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

### Punkt 7 Rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav

Verksemnda skal ha rutinar for å førebygge, avdekke og rette opp brot på krav i miljøregelverket.

### Tanklagingsforskrifta:

Kapittelet om tanklagring har som føremål å verne det ytre miljøet mot forureining som kan følgje av lagring av farlege kjemikal og farleg avfall. Kapittelet gjeld for landbasert lagring og av farlege kjemikal og farleg avfall med tilhøyrande aktivitetar som kan føre til fare for forureining. Kapittelet gjeld for tankar for petroleumsprodukt på meir enn 10 m<sup>3</sup>. For andre farlege kjemikal og farleg avfall gjeld kapittelet for tankar over 2 m<sup>3</sup>. Kapitelet gjeld også røyrleidningar og anna utstyr knytte til langringstankane.

Tanklagingsforskrifta set m.a. krav til miljørisikovurdering av tankanlegget (jf. § 18-4), etablering og vedlikehald av risikoreduserande tiltak (jf. §18-5), etablering av førebyggjande tiltak (jf. §18-6) og etablering av beredskap (jf. § 18-7) .

## **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

### Punkt 6:

Verksemnda har utarbeidd ei miljørisikovurdering som sist vart revidert 27.09.2023. Her er følgjande farar, risikovurderingar (ibuande og etter risikoreduserande tiltak) og om risikoen er akseptabel knytte til handtering av saltsyre omtala: utslepp av saltsyre/saltsyregass både ved påfylling ved reinseanlegg ( pri. 1), utslepp ved lagring og transport (pri. 2), utslepp av saltsyre gass inne i fabrikk og på uteområde (pri. 8 og 12), utslepp frå saltsyretank 30 m<sup>3</sup> (pri. 17), utslepp av saltsyre frå lagertank til dagtank i fabrikk (pri. 28) og utslepp av saltsyre frå dagtank i fabrikk 2,6 m<sup>3</sup> (pri. 30). Risikoen knytt til farane med pri. 2 og 28 var vurderte til å ikkje vere akseptable, og det var planlagt tiltak for å redusere risikoen ved å: 1. gjennomgå anlegget for saltsyre, 2. sikre ytre miljø mot eventuell saltsyrelekkasje og 3. å installere «røyr i røyr» også i kummane sidan desse ikkje har botn.

Verksemnda har ikkje vurdert mogleg forureiningsfare knytt til anleggsaktivitet på uteområdet i miljørisikovurderinga. Granskingane som er utførte i etterkant av hendinga kan tyde på at det er denne aktiviteten som kan ha ført til setningar i grunnen, og som vidare har ført til røyrbrot.

Verksemnda har utarbeidd risikoakseptkriteria for arbeidsmiljø men har ikkje utarbeidd tilsvarende kriteria for risikovurderinga knytt til ytre miljø, dvs. kva verksemnda definerer som akseptabel risiko for kvar fare/trussel. Akseptkriteria er som regel knytte til både sannsyn/frekvens knytt til ei mogleg hending og kva konsekvens hendinga vil kunne føre til.

Eit risikoakseptkriterium kan vere eit kjenneteikn, prinsipp, regel, test eller standard som blir nytta for å vurdere eller fastsetje kva som er akseptabel risiko. Dei kan vere kvantitative eller kvalitative. Dei kan også være eksplisitte og vise til kva nivå av risiko som vert rekna som akseptabelt, eller dei kan vere prosessbaserte kriterium som viser til at ein prosess for å redusere risiko som må vere følgd for at risikoen skal sjåast på som akseptabel.

### Punkt 7 Rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav

I risikovurderinga peikar verksemda på fare for utslepp ved fylling av farlege kjemikal på tankar som er omfatta av tanklagringsforskrifta. Verksemda kunne ikkje vise til skriftleg rutine for fylling på tank med tilhøyrande førebyggjande tiltak for å hindre utslepp.

### **Avvik 2. Verksemda har manglar knytt til beredskap/beredskapsplan og varsling**

Utsleppsløyvet vilkår 7 og forureiningsforskrifta §18-7

#### **Kommentarar til regelverket**

##### Plikt til å utarbeide plan for beredskap

Ut frå resultatata frå miljørisikovurderinga skal verksemda gjennomføre tiltak for å unngå ev. avgrense risikoen for akutte utslepp. Tiltaka skal vere baserte på verksemda sine aktiviteter, jf. vilkår 7.1 i utsleppsløyvet.

Verksemda skal vidare vurdere behovet for ein beredskap. Naudsynt beredskap mot akutt forureining skal vere basert på miljørisikoen verksemda til ei kvar tid representerer, jf. tanklagringsforskrifta § 18-7 og vilkår 7.2 i utsleppsløyvet.

Beredskapsplanen skal omtale beredskapen, medrekna organisering, innsatsplanar, personell og deira kompetanse, opplæring og type og mengd materiell som trengst for å oppretthalde ein god nok beredskap. Beredskapen skal testast/øvast på minst ein gong i året.

##### Plikt til å varsle

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining skal den ansvarlege straks varsle Brannvesenet. Statsforvaltaren skal så snart som mogleg varslast skriftleg dersom det oppstår unormale driftstilhøve og ulykker innanfor dei områda Statsforvaltaren er styresmakt over.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

##### Beredskapsplan:

Verksemda har utarbeidd ein beredskapsplan for handtering av beredskapssituasjonar som brann, ulykker, kvalitetsavvik og uføresette utslepp. Planen omtalar m.a. kva hendingar som kan oppstå, beredskapsorganisasjon, kommunikasjonsplan, beredskapsøvingar, rømmingsøvingar og evaluering av øvingar. Ved akutte utslepp er det Kystverket som er forureiningsstyresmakt og det lokale brannvesenet er i førstelinja.

Planen har nokre manglar ved at Brannvesenet ikkje står oppført i telefonlista som gjeld for ytre miljø/utslepp og heller ikkje under punkt 7 som gjeld utslepp. Under same punktet bør «Fylkesmannen» strykast. No er det Statsforvaltaren i Vestland som er miljøstyresmakt for verksemda.

##### Varsling

Då verksemda registrerte redusert tilførsle av saltsyre og utsleppet vart oppdaga, vart ikkje brannvesenet varsla med ein gong slik løyvet seier. Verksemda avventa situasjonen og varsla først dagen etter. Dette meiner Statsforvaltaren var ei feilvurdering sidan løyvet klårt seier at brannvesenet skal varslast også ved fare for akutt forureining.

## 7. Merknader

Vi ga følgande merknad under tilsynet:

### **Merknad 1. Verksemda har manglar knytt til avhending av våtorganisk avfall**

#### **Kommentarar:**

Verksemda opplyste at våtorganisk/slam avfall vert levert til Herdla Gård, som også hentar avfallet. Herdla Gård har lagt ned slambehandlingsanlegget sitt. Verksemda kunne ikkje vise til kvar slammet no vert levert og om det blir behandla ved eit anlegg som har løyve til slik aktivitet.

## 8. Andre tilhøve

### Pålegg om tiltak frå Kystverket:

Det er Nærings- og fiskeridepartementet som er statleg styresmakt når det gjeld akutt forureining. Kystverket er delegert styresmakt ansvar. Statsforvaltaren fekk spørsmål om å få delegert styresmakt i saka, men på grunn av liten kapasitet no, takka vi nei til dette.

I brev datert 10.01.2024 ga Kystverket Toro Arna pålegg om å lage ein førebels tiltaksplan som m.a. skulle omfatte kontinuerlege pH-målingar på utvalde målepunkt.

Verksemda vart også pålagt å komme med ei meir detaljert oversikt over aktuelle tiltak som kunne setjast i verk for å overvake ev. forureining til grunnen, og å legge fram ein plan for miljøgranskingar.

I starten hjalp brannvesenet til med å kalke kumme og tilsig, og å få i gang pH-målingar. Verksemda kontakta Multiconsult for å få kyndig hjelp i arbeidet med å setje i verk og følgje opp tiltaka som var pålagde. Rådgivende Biologer har fått i oppdrag å utføre fiske- og botndyrgranskingar.

Verksemda har skildra hendinga og tiltaka i rapporten «Rapport frå saltsyrelekkasje 08.01.2024» datert 31.01.2024.

### Revidert løyve etter forureiningslova

Toro Arna sitt utsleppsløyve er frå 03.1.2009 og er godt over ti år gammalt. Med heimel i forureiningslova § 18 tredje ledd, har Statsforvaltaren teke initiativ å revidere løyvet. Verksemda vil få eit revidert løyve i løpet av våren.

### Utviding av fabrikk

Toro Arna er i ferd med å bygge ut fabrikkarealet med 2000 m<sup>2</sup>. Dette skal i hovudsak huse nytt produksjonsutstyr for å kunne auke produksjonsvolumet og betre ventilasjonsanlegg. Det er ikkje planlagt å endre produksjonen elles.

## 9. Dokumentunderlaget

Lovgrunnlaget for tilsynet var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) – kapittel 18 tanklagring av farlege kjemikal og farleg avfall
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Utsleppsløyve etter forureiningslova datert 10.02.2004, sist endra 18.03.2013

Dokumentasjon som vart lagd fram av verksemda under tilsynet:

- Oppdatert risikovurdering
- Rapport frå saltsyrelekkasje 08.01.2024, datert 31.01.2024
- Drift av renseanlegg
- Innkjøp, lagring og bruka av kjemikaler
- Håndtering av kjemikaliesøl
- Akseptkriterier HMS (arbeidsmiljø)

## 10. Informasjon til verksemda

Regelverket vi informerte om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta kapittel 18)